



MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING 2021

FORMÅL

Jordvern Møre og Romsdal (JMR) vart etablert 15.2.2016 som ein frittståande partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. JMR vil gjennom handling og målretta informasjonsarbeid mot media, politikarar og opinionen sokja å samla brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal. I dette arbeidet er det viktig å understreka jordvernets betydning som ei brei samfunnssak.

ORGANISERING

Verksemda er basert på medlemskap med tilhøyrande contingent. Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat. Det er no etablert sjølvstendige jordvernforeningar eller -alliansar som dekker store delar av landet. Jordvern Norge er etablert som overbygning for jordvernforeingane og -alliansane. Det blir samarbeida om ein del felles saker og oppgåver. Dette gjeld særleg nasjonale saker og felles administrative oppgåver.

ÅRSMØTE FOR 2020

På grunn av situasjonen med covid og smittefare vart årsmøtet for 2019 gjennomført på Felleskjøpet Agri i Molde så sent som 5.desember 2020. Smittesituasjonen held fram utover i 2021. Styret valde då å utsetja årsmøtet for 2020 inntil vidare. Alle valde funksjonar vart forlenga. Til slutt vart beste løysinga å ha felles årsmøtedag for 2020 og 2021

JMR har dermed hatt følgande valde funksjonar i 2021:

Leiar: Kolbjørn Gaustad.
Styremedl: Øystein Solli.
Styremedl: Atle Frantzen.
Styremedl: Leif Inge Grebstad.
Styremedl: Helge Øverås.
Nestleiar: Øystein Solli.
1.vara: Karianne E. Skotte.
2.vara: Anne-Kristin Løes.
Valgkomite: Stein Brubæk.
Valgkomite: Nils Sigurd Drabløs.
Valgkomite: Magnus Jonsson.
Vara valgk: Julie Stenes Leine.
Revisor: Inge Martin Karlsvik.



Styret i Jordvern Møre og Romsdal i 2020, som forlenga sin valde periode til også å gjelda 2021:

Opp frå venstre:

Atle Frantzen, Leif Inge Grebstad, Helge Øverås.

Nede frå venstre:

Øystein Solli, Kolbjørn Gaustad (styreleiar).

ARBEID OG SAKER I STYRET

Smittesituasjonen i 2021 har begrensa muligheten for gjennomføring av fysiske møter. Mykje av arbeidet har likjevel gått som vanleg. Det er halde 2 styremøter, derav eitt delvis på Teams. Her er nokre av dei oppgåvane som har vore mest sentrale:

Oppfølging av arbeidet med kommuneplanar og reguleringsplanar:

-Sjå eigen omtale.

Vilkår knytt til jordhandtering/etterbruk av matjord:

-Har vore sentralt tema over lengre tid, m.a. knytt til ny E39 Lønset – Hjelset.

Jordvernkonferanse v/Jordvern Norge 22.3.:

-Fokus m.a. på ny jordvernstrategi og metodar for kartlegging av nedbygd areal. Gjennomføring på Teams med m.a. Karianne E.Skotte, Helge Øverås og Atle Frantzen som deltakrar.

Jorddagen 6.12.:

-Sjå eigen omtale.

Brev til nye stortingsrepresentantar frå Møre og Romsdal:

-Etter valget vart det send brev til nye stortingsrepresentantar frå Møre og Romsdal. Det vart gratulert med plass på stortinget og minna om at matjord må få betre juridisk vern.

Jordvern Norge – årsmøte og konferanse i Oslo 26.11.:

-Konferansen hadde særleg fokus på jordvern i Hurdalsplattforma v/ Wenche Westberg, LMD og «Jordvernets begrunnelse» v/Arne Bardalen, NIBIO. Frå JMR deltok Øystein Solli og Leif Inge Grebstad.

Styremøter i Jordvern Norge:

-Regionale jordvernforeningar og -alliansar har vore invitert til «open post» på Teams i samband med styremøter i Jordvern Norge. Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen har deltatt frå JMR.

Fagsamling særlovene i landbruket 16.11.:

-Arrangør var Statsforvaltaren i MR. Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen deltok.



*Frå Jordvern
Norge sin
konferanse og
årsmøte i Oslo
26.11.2021.*

BREV, UTTALELSAR, DELTAKING MØTER, M.V.

I løpet av 2021 er det send ei rekke brev, gitt uttale i ulike saker, send lesarinnlegg og deltatt på ulike møter og arrangement:

DATO/	SAK	KOMMUNE/ REGION/ KOMMENTAR
27.1.	Kommunestyrebehandling om framlegg til ettersyn av reguleringsplan for bustadfelt Fremre Mo	Ørsta
7.2.	2.gongs ettersyn av av arealdel kommuneplan	Volda
15.2.	Planprogram E39 Ørskogfjellet – Vik	Vestnes
9.3.	Detaljregulering Stordal brannstasjon	Fjord
15.3.	Fylkesstrategi samferdsel	MR fylkeskommune
10.4.	Planprogram kommuneplanens arealdel	Hustadvika
13.4.	Kommuneplanens samfunnsdel og planstrategi	Molde
13.4.	Fradelingssak, Berg	Molde
13.4.	Jordhåndtering E39 Lønset - Hjelset	Molde
9.5.	Planoppstart detaljregulering bustadfelt Indreskodje	Ålesund
Haust 2021	Fylkesstrategi landbruk, MR fylkeskommune	Arbeid pågår.
8.10.	Off ettersyn – Plan for areal, klima og transport	Ålesund
22.10.	Detaljregulering Kilsti Compact Lodge	Fjord
22.10.	Samfunnsdel kommuneplan	Fjord
3.12.	Klimaplan	Fjord

Uttalelsar m.v. kan lesast på heimesidene til JMR:

[jordvern.no | Møre og Romsdal](https://www.jordvern.no/more-og-romsdal/uttalelser-innspill-lesebrev)

Foreninger og allianser Dokumenter

Fakta Uttalelser, innspill, lesebrev Bli medlem Arrangementer Om oss

[Jordvernforeningene i Norge](#) > [Møre og Romsdal](#) > Uttalelser, innspill, lesebrev

Uttalelser, innspill, lesebrev

2021

[1.-28.1.2021-Orsta-Kommunestyrebehandling-off.ettersyn-områderegulering-bustadomrade-B10-Fremre-Mo](#)

[2.-6.2.2021-Volda-2.-off.-ettersyn-kommunedelplan](#)

[3.-15.2.2021-Vestnes-Planprogram-E39-Orskogfjellet-Vik](#)

[4. Innspel-detaljreguleringsplan-Stordal-brannstasjon](#) [Last ned](#)

[5. Innspel-til-høyring-framlegg-til-fylkesstrategi-for-samferdsel-2021-2024-More-og-Romsdal-fylkeskommune](#) [Last ned](#)

[6. Merknader-til-høyring-framlegg-til-planprogram-for-kommuneplanens-arealdel-Hustadvika-kommune](#) [Last ned](#)

[7. Molde-kommune-framlegg-til-kommuneplanens-samfunnsdel-og-planstrategi](#) [Last ned](#)

[8. Jordvernomsyn-soknad-fradeling-gnr-56-bnr-53-Berg-Molde](#) [Last ned](#)

[9. Handtering-og-etterbruk-av-jord-E39-Lønset-Hjelset](#) [Last ned](#)

[10.-9.5.2021-Oppstartmelding-detaljregulering-Indreskodje-kommentarer](#) [Last ned](#)

MEDLEMSKAP, MEDLEMSVERVING, UTADRETTA KONTAKT

Betalande medlemar

Pr dato	Antal medlemar
31.12.2017	40
31.12.2018	55
31.12.2019	84
31.12.2020	85
31.12.2021	102

Medlemsverving

Einaste faste inntektskjelda for Jordvern Møre og Romsdal er medlemskontingenstenen. Det er difor viktig å prioritera medlemsverving og administrative oppgåver som etter kvart kan gjera drifta lettare. Med støtte frå Landbrukssekskapet i Møre og Romsdal vart det i 2019 og 2020 brukt midlar m.a. til å dekka kostnader med medlemsregistrering, verving og utvikling av det administrative arbeidet. Dette har slått positivt ut på medlemstalet i 2021.

Æresmedlem

Kristian Ormset

Utadretta kontakt

Det er etablert eigen e-post: moreogromsdal@jordvern.no som blir lest av leiar og sekretær.

Det blir drifta heimesider for JMR under www.jordvern.no. Dette blir gjort felles for jordvernforeiningane. Heimesidene har fått teknisk fornying. Arbeidet med fornying og utvikling av heimesidene er vidareført i 2021.

Magnus Jonsson har delt en lenke.
20. desember 2021 · [...](#)

Jordvern bør ikke bare gjelde dyrket mark.
<https://www.miljodirektoratet.no/.../bygging-pa-nye/.../>

MILJODIREKTORATET.NO
Bygging på nye arealer fører til økte klimagassutslipp -
Miljødirektoratet

Du og 3 andre 1 kommentar 1 deling Sett av 54

Liker Kommenter Del

Alle kommentarer

Øystein Solli
Det er på tide å "stikke fingeren i jorda" og stoppe den hodeløse ødeleggelsen natur og kulturlandskap i regi av storsamfunnet.

Liker Svar Del 14 u

Facebookgruppa «Jordvernforeningen Møre og Romsdal» er vidareført i 2021. Gruppa er offentleg og ikkje knytta til medlemskap. Ved årsskiftet hadde gruppa ca 140 medlemmar. Gruppa har hatt ca 30 innlegg i 2021.

Frå facebookgruppa «Jordvernforeningen Møre og Romsdal» 20.12.2021.

VERDENS JORDDAG, KONFERANSE PÅ GJERMUNDNES

6.12. kunne det, i anledning Verdens jorrdag, inviterast til konferanse på Gjermundnes med ca 30 deltagarar:



Verdens Jorddag 2021:

JORDDAG

Gjermundnes vidaregåande skule, Vikebukt
Mandag 6. desember
Påmelding innan fredag 3.desember på tlf
90 95 47 87 eller moreogromsdal@jordvern.no

jordvern.no

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL
Farmesteindom 6, 6445 Molde
Inngang: Fallwoipepet døra 3. etg.
Tlf: 73 20 28 99
moreogromsdal@jordvern.no
www.jordvern.no

Møteleiar: Kolbjørn Gaustad, leiar Jordvern Møre og Romsdal

PROGRAM:

10.30: Registrering, kaffe, rundstykker/matpause

11.00: Opning v/Kolbjørn Gaustad

11.15: Utfordringar i arbeidet med jordvern
v/Landbruksdirektør Frank Madsøy og seniorrådgjevar Gunvor Ytterstad,
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

12.15: Jordlov, driveplikt og andre forhold knytt til det å eiga og leiga dyrka og dyrkbar jord.
– Erfaringar og tankar fra Midsund.
v/Nils Sanden, pensjonert jordbruksjef, landbrukstakstmann, leiar i Midsund Bondelag og
drivar av eit lite sauvebruk på Midøya

13.00: Lunsj/matpause

14.00: Status for Gjermundnes vidaregåande skule og planar for ny driftsbygning
v/Aadne Horr, rektor

14.10: Korleis kan kommunane sikra at matjorda blir tatt betre vare på?
v/Konrad Kongshaug, leiar Møre og Romsdal Bondelag

14.30: Jordvern - sikring av matproduksjon eller hinder for næringsutvikling ?
Innlegg, orientering og diskusjon.
v/Jordførarar og andre deltagarar frå kommunane i Romsdal


15.45: Avslutning

Målgruppe: Politikarar, forvaltning og administrasjon i kommunane, bønder, grunneigarar og andre interesserte.

Arrangør: Jordvern Møre og Romsdal i samarbeid Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag.

Deltakaravgift: Gratis for medlemmar i Jordvern Møre og Romsdal. For andre: Ordinær deltaravgift kr 300,- inkl servering.





Øystein Solli frå styret i JMR var ein av fleire engasjerte deltakarar på konferansen.



Landbruksdirektør Frank Madsøy gjorde greie for utfordringar i arbeidet med jordvern.



Leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Konrad Kongshaug, fortalte om korleis kommunane kan sikra betre ivaretaking av matjorda.



Jurist hos Statsforvaltaren, Gunvor Fossholt Ytterstad, gjorde greie for utfordringar i arbeidet med jordvern.



Tidlegare jordbruksjef Nils Sanden frå Midsund fortalte om erfaringar knytt til arbeidet med handheving av jordlov og driveplikt.

Vil styrke jordvernet: – Ingen kunne forutse covid-19, neste gang trenger vi kanskje de små åkerflekkene av beredskapshensyn



Anne-Kristin Løes er nyvalgt styremedlem i Jordvern Norge, og jobber med å øke bevisstheten rundt bevaring av matjord. Også i Tingvoll har man tatt i bruk fulldyrket mark til andre formål enn matproduksjon, og Løes håper det ikke fortsetter slik. Foto: Tommy Rustad

Av [Tommy Rustad](#)

Anne-Kristin Løes er nyvalgt styremedlem i organisasjonen Jordvern Norge, som jobber med å øke bevisstheten rundt hvor viktig det er å ta vare på dyrket mark, ikke bare nasjonalt, men også lokalt i Tingvoll og Sunndal. Dyrket mark blir hvert år gjort omgjort til industri- og boligformål. Det skjer ikke bare i pressområder rundt byer eller ved utbygging av ny infrastruktur, men også lokalt i Tingvoll og Sunndal. Anne-Kristin Løes fra Tingvoll er engasjert i kampen for å minske svinetet av dyrket mark, og er nyvalgt styremedlem i Jordvern Norge. Det er en landsdekkende, uavhengig paraplyorganisasjon som ønsker mer bevissthet omkring jordvern i samfunnet. De får støtte fra Landbruksdepartementet, og styret består av medlemmer fra bondeorganisasjonene og naturvernforbundet. Da Anne-Kristin Løes gikk inn i styret tilførte hun samtidig en akademisk slagkraft til organisasjonen. Hun er i tillegg forsker ved Norsøk med doktorgrad i jordforskning. Det som alarmerer henne er det omfanget av dyrket mark som forsvinner hvert år.

– Det er sterke krefter som sier at matjord ikke er så viktig, at vi kan bygge kjøpesentre og parkeringsplasser på fulldyrket mark fordi Norge kan importere den maten det er behov for, sier Løes.

Hun mener det er en feil tankemåte. Det tar mange år å kultivere fram fulldyrket mark. Når dyrket mark forsvinner er det ikke bare å skaffe ny om det plutselig skulle bli behov for den igjen. Derfor er det et stort problem å ta fulldyrket mark til andre formål enn å dyrke mat. Dessuten mener Løes at politikken som favoriserer stadig større landbruksenheter er et feilspor.

– Vi ser også at det stadig blir større og større landbruksenheter, og mange av de små åkerflekkene vokser igjen fordi de ikke er drivverdige med en storbrukstankegang. Dermed favoriseres den lettest tilgjengelige marka, mens mindre, men likevel viktig dyrket mark, forfaller. Men hva om samfunnssituasjonen endrer seg. Ingen kunne forutse covid-19, neste gang trenger vi kanskje de små åkerflekkene av beredskapshensyn, sier Løes.

For å styrke jordvernet ønsker hun en endring i tankegangen om at landbruksenheterne stadig skal bli større. Det må kunne drives mindre enheter med 20–30 kyr. Da blir det flere gårder og man kan igjen ta i bruk de små åkerlappene som ligger spredt, og på den måten hindre at de forsvinner. Det er også en annen potensiell fare når det blir færre og større landbruksenheter.

– Den dagen bonden ikke orker eller er i stand til å drive lenger, og ikke har noen til å ta over etter seg, er risikoen stor for at det brått kan bli store endringer i bruken av den dyrkede marka. Vi er derfor sårbarere når vi støtter oss på store enheter, i motsetning til mange smådriftsenheter, sier Løes.

Løes er jordforsker og kan mye om jorda og dens egenskaper og betydning. Det er den kunnskapen hun bringer med seg inn i styret i Jordvern Norge. I sitt arbeid i Norsøk er hun allerede aktiv i å synliggjøre budskapet om jordvern på flere måter.

– Jord er ikke bare et sted bonden kjører traktor, men et stort biologisk mangfold og kulturlandskap. Det er nok også mitt arbeid innen dette feltet som gjorde at jeg ble med i organisasjonen, sier Løes.

Hun har ikke tidligere erfaring fra organisasjonen, men fra nå av vil hun være en aktiv støttespiller til Jordvern Møre og Romsdal og de andre fylkeslagene som kjenner de lokale sakene på nært hold.

**Jordvern Møre og Romsdal
Resultatregnskap**

	<u>2021</u>	<u>2020</u>
Driftsinntekter		
Tilskudd arr 2022	25 000,00	80 000,00
Kontingent	26 850,00	21 350,00
Arrangement		1 800,00
Renteinntekter	49,00	27,00
Sum driftsinntekter	51 899,00	103 177,00
Driftskostnader		
Gebyr	63,00	109,72
Reisegodtgjørelse	372,00	2 609,00
Arrangement	5 804,00	740,18
IT/ hjemmeside		515,00
Diverse	2 532,07	77 000,00
Styremøte	120,00	
Sum driftskostnader	8 891,07	80 973,90
ÅRSRESULTAT	43 007,93	22 203,10

Balanse pr. 31.12.2021

	<u>2021</u>	<u>2020</u>
Eiendeler		
Bank	91 876,86	7 641,93
Til gode medl./tilskudd	3 143,00	40 000,00
Sum eiendeler	95 019,86	47 641,93
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	90 649,86	47 641,93
Leverandørgjeld	4 370,00	
Sum egenkapital og gjeld	95 019,86	47 641,93


|Revisjonsberetning for Jordvern Møre og Romsdal årene 2020 &2021.

Jeg har kontrollert regnskapet for begge årene, da det ikke har vært avholdt årsmøte på to år, og følgelig ikke har vært godkjente regnskap.

Bokføring og avslutting er kontrollert, og det samme er samtlige bilag. Det er ikke funnet noen feil. Regnskapets dokumentasjon er særdeles ryddig og oversiktlig. Regnskapet gir riktig bilde av lagets drift og økonomiske status.

Eide 28.03.2022

Inge Martin Karlsvik





MØRE OG ROMSDAL

Fannestrandsvågen 63, 6415 Molde

Inngang: Felleskjøpet Agri, 3.etg.

Tlf 71 20 28 90, 909 54 787

moreogromsdal@jordvern.no

www.jordvern.no